

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	<b>Stord sokneråd</b>
Tid:	<b>Tirsdag 5. mai 2020</b>
	<b>Kl. 19.00 – 21.00</b>
Møtestad:	<b>Digitalt møte via Skype</b>
Opning:	<b>Kirsti</b>

**Til stades:** Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Johannes V. Lamo, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland (1. vara), Signe Vorland (2.vara)

**Forfall:** Sigrunn Ljosland

## SAKLISTE

### 2020/28- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent. Samråystes.

### 2020/29- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent. Samråystes.

### 2020/30- 023 Plan for det kristelege liv i soknet - hausten 2020

AU ønskjer å starte ein prosess for å leggje ein plan for det kristelege liv i soknet hausten 2020, gitt at ein enno må forhalda seg til strenge tiltak pga corona-situasjonen. Sjå eige saksframlegg og ramme for diskusjon i møtet. Målet er å etablere ei førebels tiltaksliste over kva aktivitetar og fokusområde ein ønskjer å løfte fram til hausten. Vidare prosess vil vere ein dialog med dei tilsette, og endeleg vedtak av plan på juni-møtet.

**Vedtak:**

Soknerådet ber AU arbeide vidare med innspela frå diskusjon i møtet, gjennomføre møte med sentrale tilsette og/eller utvala innanfor dei ulike områda for å drøfte innspela og utarbeide forslag til plan for vedtak på neste soknerådsmøte (i juni).

Samråystes.

### 2020/31- 012 Tilbaketrekkning av innkjøpsmandat knytt til videokanon i kyrkja

Soknets inntekter vil verte lågare enn budsjettet i 2020 grunna låg gudstenesteaktivitet denne våren, som påverkar takkoffer. Ekstrakostnaden knytt til videokanonar bør såleis utsettast til me har oversikt over den økonomiske situasjonen framover.

**Vedtak:**

**Pkt 1:**

Forslag til vedtak: Soknerådet trekk tilbake fullmakta frå sak 4/2020 til å gjere innkjøp innanfor ei budjetramme (for utstyr og montering) på kr 35 000kr eks. mva. Arbeidsgruppa bes utarbeide eit konkret forslag til gjennomføring og førebu ein detaljert kostnadsoversikt for vedtak om kjøp.

Forkasta med 7 mot 2 stemmer

**Pkt 2:**

Soknerådet er positive til å gjennomføra prosjektet og ber AU iverksetja innsamlingsaksjon for å dekka deler av kostnadane.

Samråystes vedteke.

### 2020/32- 210 Høyringsuttale, vikar for kyrkjeverje i 80% stilling frå 01.06-31.12.2020

Unnateke offentleg innsyn, jfr Offentleglova §13

- Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Stillingsutlysingar frå Stord Kyrkjeverje Fellesråd (v/Dag)

- a. Det vart gjeve informasjon om status i utlyste stillingar: soknediakon og vikar for kyrkjeverje.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- b. Det vart og orientert i møtet om at fellesrådet kjem til å lysa ut 100% stilling som kateket/kirkjelydsspedagog snarleg, med bakgrunn i ei lenge varsla oppseiling frå Åse Selsvold, og interne rokkingar i staben.
  - 2. Avslag på søknad om OVF-midlar for 2020
  - 3. Førebels rekneskapsoversikt per 1.kvartal 2020 – og vurderingar av Corona-situasjonen
  - 4. Prostidag planlagd 15.oktober i Nysæter kyrkje – «Ei synleg kyrkje i Sunnhordland»
- **Skriv, referat og meldingar**
    - 1. Referat frå møte i Stord Kyrkjelege Fellesråd 12.april
    - 2. Referat frå møte i Nysæter sokneråd 14.april

Anders Dahl  
soknerådsleiar  
sign

Dag Sele  
nestleiar og referent  
sign